



Ryland Bygg AS
Giil
6958 SØRBØVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3856 - 17/32291

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.11.2017

Løyve til endring - gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Dyrkolbotn fjellstove
Ansvarleg søkjar: Ryland Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av rammeløyve datert 21.09.16 vedkomande byggjehøgde på personalbustad, endra plassering av personalbustad og endra tilkomstveg.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

På innsendte situasjonskart er det skildra eit tilbygg til geitefjøset. Vi gjer mersem på at dette ikkje er skildra elles i søknaden og dette løyve til endring ikkje omhandler dette tilbygget. Det vert elles vist til søknad motteken 15.09.17.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som SN1, spredt næring.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel



Det er gjeve fritak frå nabovarsle i denne saka.

Administrasjonens vurdering:

Avkøyrsler er allereie opparbeida og i bruk. Interne veger vil ikkje vere til hinder eller ulempe for omgivelsene. Plassering av personalbustad vert endra, men den er ikkje i konflikt med siktsone eller utsikt i området. Den opphavlege søknaden er nabovarsla i samsvar med reglane, slik at dette er eit kjent tiltak for partar som har interessar i området.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.09.17.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Det er søkt om planeringshøgde på kote + 351,3. Det vart opphavleg gjeve løyve til planeringshøgde på 350,7

Vatn og avløp (VA)

Det er ikkje søkt om endringar knytt til dette.

Tilkomst, avkøyrsler og parkering

I opphavlege rammeløyve er det søkt om, og gjeve løyve til etablering av ny avkøyrsler til personalbustaden. Det søkjast no om å nytta eksisterande avkøyrsler knytt til Dyrkolbotn Fjellstove. Det er søkt om etablering av intern veg som førast inn på eksisterande tilkomstveg som syna på situasjonskart datert 15.09.17. Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsler er handsama av Teknisk Drift i vedtak datert 07.11.17.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, gangtilkomst, parkering og avkøyrsler].

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve **endringsløyve** for endra tilkomstveg og endra plassering av personalbustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og innsendte profil datert 15.09.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 07.11.17 og godkjent situasjonsplan som ligg som vedlegg til dette vedtaket.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
4. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 15/3856

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta

Ingrid Bjørge Pedersen

avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Signhild Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 119

5994

VIKANES

Mottakarar:

Ryland Bygg AS

Giil

6958

SØRBØVÅG